



## Notat

**Dato**  
FØRDE, 16.09.2015

**Til:** Hovudutval for kultur

**Frå:** Fylkesdirektøren

### Referat frå dialogmøte mellom Muse i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune

#### Deltakarar:

Fra Musea i Sogn og Fjordane (MiSF): Harry Mowatt (styreleiar), Anne-Marie Førde (direktør), Inge Bent Arnestad (administrasjonssjef).

Fra fylkeskommunen: Nils Gjerland (leiar hovudutval for kultur), Ingebjørg Erikstad (fylkesdirektør)

Møtet var komme istand på initiativ fra fylkeskommunen med føremål gjensidig informasjonsutveksling.

*Tekst i kursiv viser ny informasjon som er komme til etter at møtet vart avvikla.*

#### 1. Forhandlingar med kommunane om nye avtaler om tilskot til drift

MiSF har hatt omfattande kontakt/møte med kommunane via regionråda og KS. Det er no etablert ei eiga gruppe via KS som skal komme med ei tilråding til kommunane. Vertskommunane vil vere sentrale i dette opplegget. Gruppa har sitt første møte 30.juni, og skal ha klart eit opplegg til 1. september som kommunane då skal ta stilling til.

*Representantar for denne arbeidsgruppa (Olav Lunden, Ole John Østenstad og Inge Bent Arnestad) møtte fylkesrådmannen mandag 31. august og la fram status for arbeidet, og inviterte til drøfting rundt prosessen vidare.*

#### 2. Måløyraidsenteret

Forsvarsdepartementet har tidlegare løyvt 3,3 mill kroner til investering. Stortinget har gjennom revidert statsbudsjett løyvt 2 mill kr til investering. Desse midlane går rett til Måløyraidsenteret. Tidlegare løyving på 1 mill kroner fra DNB-Nor er usikre. Fylkestinget sa nei til løyving på 0,8 mill kroner i FT i juni 2015. Det er varsle 0,1 mill kroner årleg frå FD, og 0,6 mill kr årleg frå KD til drift. MiSF avventar nærmere informasjon frå kulturdepartementet i saka. Dei må så vurdere si stilling i dette prosjektet, m.a. gjennom møte og avklaringar med Vågsøy kommune.

*Fylkeskommunen mottok ny søknad frå Måløyraidsenteret i månadsskiftet juni/juli (jf vedlegg til budsjettsaka). MiSF var i møte med kulturdepartementet 8. juli 2015. Det er seinare komme skriv frå departementet der MiSF er bedt om å avklare vidare arbeid med Vågsøy kommune og Stiftinga Måløyraidsenteret. Det er avtalt møte mellom partane 18.september.*



### **3. Opplysing av stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum**

Så langt har Førde kommune og fylkeskommunen sagt ja til opplysing av stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum og fusjonering med stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Direktør for MiSF har kontakt med kunstnarorganisasjonane om konsekvensane for kunstnarsenterfunksjonane i den nye organiseringa. Fylkeskommunen streka under at kunstnarsenterfunksjonane er viktige å ta vare på og føre vidare.

### **4. Vedlikehald Kystmuseet**

Betongskaden på museumsbygningane har vore ute på anbod. To firma har meldt seg. Truleg oppstart på arbeidet i august/september 2015. Slik det ser ut no, kan skaden ha eit mindre omfang enn først rekna med, og dermed også redusert kostnad (om lag 9 mill kroner). Fylkeskommunen auka i budsjett 2014/økonomiplan 2014-2017 opp tilskotet til MiSF med 1,4 mill kroner med tanke på at musea kunne lånefinansiere kostnadane med reperasjon av betongskade og bygging av båtmagasin ved Kystmuseet, og bidrag til utstillinga ved Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand. Med redusert kostnad til reperasjon av betongskaden ved Kystmuseet, og ikkje avslutta prosess rundt etablering av fellesmagasin for musea er det MiSF sitt spørsmål til fylkeskommunen om dei kan behalde auken i tilskotet og nytte deler av denne som eigenkapital inn mot realisering av fellesmagasin der båtmagasinet er ein del av dette. Fylkesdirektøren følgjer opp denne saka internt i fylkeskommunen.

*Grunna manglar i innkomne tilbod vart anbodet lyst ut på nytt. Ny anbodsopning var mandag 17.aug. Innleigd konsulent (Norconsult) arbeider no med å få på plass kontrakt med entreprenør. Også nytt anbod syner redusert kostnad på arbeidet i høve tidlegare budsjett.*

### **5. Norsk Reiselivsmuseum – status**

Vasslekkasjeproblema vert løyst no slik at museumsbygningen kan takast i bruk. Opninga vert truleg i 2016, gjerne med ein nasjonal reiselivskonferanse som ramme. Spørsmålet om NRM som eiga avdeling inn under MiSF vert truleg vurdert på nytt. Det er tilsett ny avdelingsleiar ved NRM som startar i jobben i august 2015. Tilsett i nyoppretta stilling som formidlar/fagkonsulent v/NRM startar samtidig som avdelingsleiar (august 2015).

### **6. Fellesmagasin/Sunnfjord museum**

MiSF er i dialog med bygge- og eigedomssjef/økonomisjef om denne saka, og ser på kostnadsbiletet ved delt løysing fellesmagasin – Sunnfjord Museum opp mot samla løysing. Denne prosessen er ikkje avslutta. MiSF er også i dialog med Ramstad Eskefabrikk om kjøp av denne til fellesmagasin. Fylkesrådmannen vil gje ei løypemelding i saka til fylkesutvalet i september 2015.

*Det har ikkje lukkast MiSF å kome fram til ei avtale med eigar av Ramstad Eskefabrikk. Fylkesrådmannen er informert. Vidare arbeid med prosjektet(a) må avklarast.*

### **7. Generelt om utviklinga innan musea i fylket**

Musea arbeider med å utvikle rutiner og kultur for bruk av kompetanse på tvers i organisasjonen. Opplever positiv utvikling i dialogen med «kunstkommunane» Hornindal, Lærdal og Jølster. MiSF har dette året ansvaret for drifta av kunstsenteret og villakssenteret i Lærdal.

MiSF samarbeider med Jølster kommune og KODE (kunstmusea i Bergen) om hageprosjekt på Astruptunet. Prosjektet er finansiert av sparebankstiftinga DNB-Nor.

MiSF har starta publikumsundersøking ved alle avdelingane dette året.

MiSF arbeider med å rekruttere ny avdelingsdirektør for Kunstmuseet. I tillegg vert det starta prosess for å rekruttere ny direktør for MiSF i løpet av hausten 2015.

*Stilling som avdelingsdirektør ved Nordfjord Folkemuseum er lyst ledig.*